



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO


Saksbehandlar, innvalstelefon

Lars Kringstad, 71 25 84 50

Vestnes kommune - bygging av Urdelva kraftverk - fråsegn ved avgrensa høyring

Bakgrunn

I brev 12.09.2017 kom vi med fråsegn til Norsk Vannkraft AS sin søknad om å bygge ut Urdelva kraftverk. Etter ei samla vurdering fremja vi motsegn til prosjektet mellom anna pga. omsynet til anadrome fiskeartar, med særleg vekt på sjøaure. Vi peika likevel på at vi ikkje ville gå imot eit endra alternativ der kraftstasjonen vart flytta til Urdelva oppstraums dei nedre prioriterte vassdragsavsnitta for oppvandring og produksjon av anadrome fiskeartar.



I 2020 kom det ny søknad på justert prosjekt. Denne gang frå Norsk Omipower AS. Deler av røyrgate vart no vist i tunnel. Kraftstasjonen var også flytta frå Daleelva til Urdelva om lag slik vi tilrådde i fråsegna frå 2017. I epost 14.08.2020 varsla vi at med denne endringa av prosjektet kunne vi fråfalle motsegna. Den endra løysinga med tunnel på det øvste partiet vil også gje klart mindre terrengingrep.

NVE gjorde ikkje vedtak i 2020.

Da det har gått ei tid sidan den var på høyring, er den no sendt ut på ny avgrensa høyring. Søknaden kjem no frå Blåfall Prosjekt AS (opphavleg Norsk Omipower AS).

Merknader

I 2020 valte vi å fråfalle motsegna da kraftstasjonen vart flytta til Urdelva. Kraftstasjonen er lokalisert om lag 280 m oppstraums samløpet med Dalselva. Vi registrerer likevel at anadrom strekning er



avgrensa til 350 m oppstraums samløpet i rapporten om fiskeribiologiske undersøkingar (*Fiskebiologiske undersøkelser Urdelva og Dalselva, Vestnes kommune. Søyland, R 206 - Ecofact rapport 557*). Boniteringa viser at dei øvre deler av anadrom strekning ikkje har dei beste kvalitetane som gyte- og oppvekstområde. I utgangspunktet ønskjer vi likevel at nye prosjekt ikkje utfordrar anadrom strekning i ei tid der sjøauren er på sterkt tilbakegang. Ut frå vår tidlegare tilbakemelding vil vi ikkje stille krav, men ei justert plassering av stasjonen vil likevel vere ønskjeleg. For å auke stabiliteten for fiskeproduksjonen vil habitatforbetrande tiltak i Urdelvas nedre del også vere positivt. Dette er også foreslått i rapporten.

Nedre del av rørtraséen vil kome i konflikt med ein registrert edellauvskogslokalitet. Her finst m.a. alm (sterkt truga - EN) og lavarten skorpeglye (nær truga - NT). Alm er i søknaden oppgitt som sårbar (VU), men i den siste Raudlista frå 2021 er dette endra til EN. Ved å justere den nedre del av traséen noko mot vest kan ein omgå deler av dette edellauvskogsområdet. Vi rår til at dette blir vurdert. Ved detaljplanlegging/utstikking av traséen bør det også stillast krav til fagbotanisk kompetanse slik at ein unngår konflikt med desse raudlisteartane.

Konklusjon

Vi viser til merknadene over. Ved vidare planlegging rår vi til at ein vurderer å justere plasseringa av kraftstasjonen slik at anadrom strekning blir rørt i minst mogleg grad. Rørtraséen bør også justerast noko slik at ein så langt det lar seg gjere unngår inngrep i den registrerte edellauvskogslokaliteten. Ved detaljplanlegging bør det stillast krav til fagbotanisk kompetanse slik at ein unngår konflikt med registrerte raudlisteartar.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
underdirektør

Lars Kringstad
Senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

VESTNES KOMMUNE
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Rådhuset Brugata 10
Postboks 2500

6390 VESTNES
6404 MOLDE